



Stranda kommune
6200 Stranda

Fjord kommune
6210 Valldal

Geiranger 28.09.2025

SØKNAD OM GRUNNFINSIERING FRÅ VERDSARVKOMMUNANE FOR 2026

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv er ei ideell stifting med følgjande formål:

- *å utvikle kompetanse innan vern, bevaring og formidling av naturarven Vestnorsk fjordlandskap*
- *å drive ei berekraftig utvikling av det unike verdsarvområdet*
- *å representere ein arena for vitenskapleg forskning på området,*
- *samt vere premissleverandør overfor myndigheiter, i tråd med artikkel 5 e) i UNESCO konvensjonen*

Svært mykje av det lokale arbeidet knytt til ivaretaking, formidling og verdiskaping basert på verdsarven skjer i regi av eller i samarbeid med Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv. Vi er også drivar av besøkssenter verdsarv – Norsk Fjordsenter i Geiranger, som i 2015 vart autorisert som eit nasjonalt verdsarvsenter.

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv vart oppretta som ein konsekvens av at Vestnorsk fjordlandskap i 2005 vart innskriven på UNESCO si liste over natur- og kulturarven. Stiftinga kom formelt på plass i 2009 og stiftarar var Stranda og Norddal kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Ansaret for å ivareta kvalitetane som ligg i verdsarvstatusen ligg fyrst og fremst på statsparten Noreg. Fylkeskommunane og kommunane har òg eit ansvar, og vi syner m.a. til «Declaration of Intent», der alle har signert. Her står det m.a. at «The six borough councils and the county governors of Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane and Hordaland on behalf of the Norwegian state are jointly responsible for ensuring that the values in the landscape are preserved and that businesses can be run and developed without detriment to these values».

Stiftinga mottek årleg grunnfinansiering frå Møre og Romsdal fylkeskommune (kr 2,2 mill i 2025), Miljødirektoratet til besøkssenter verdsarv (kr 2,1 mill i 2025) og frå Miljødirektoratet til sekretariat for Verdsarvrådet og verdsarvkoordinatorfunksjonen for Vestnorsk fjordlandskap (kr 1,3 mill i 2025). Grunnfinansieringa vert nytta til kostnader knytt til faste tilsette, sesongtilsette, formidling, husleige til Norsk Fjordsenter AS for hus og anlegg, straum og andre driftskostnader.



Vi hadde t.o.m. 2019 ei  rleg, kommersielle omsetning p  om lag kr 5,5 mill. Denne vart nytta b de til driftsfinansiering og medfinansiering av ulike tiltak og prosjekt. I 2020 og 2021 var det ein dramatisk svikt i kommersiell omsetning grunna Covid-19 med stor nedgang i bes kstal. I 2022 og 2023 opplevde vi ei positiv utvikling i denne delen av drifta v r, med tilfredsstillande bes kstal og bra sal i butikk og kaf . I 2024 stoppa veksten i drifta stoppa opp. Det vart registrert ein nedgang i talet p  bes kande samanlikna med 2023, noko som medf rte eit svakare  konomisk resultat. S  langt i 2025 ligg talet p  bes kande omtrent p  same niv  som i 2024. Det  konomiske resultatet ser ut til   bli noko betre enn i fjor, og det er generelt h g aktivitet i drifta

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv s kjer  rleg om midlar til tiltak og prosjekt i verdsarvomr det gjennom postar for verdsarvomr da i statsbudsjettet. Desse tilskota kan variere fr   r til  r. Ved enkelte tilfelle vert det ogs  s kt medfinansiering til f rem la, b de fr  offentlege instansar og private. Desse prosjekta er med p    skape aktivitet og utvikling i b de Stranda kommune og Fjord kommune; ogs  i omr de som ligg utanfor grensene til verdsarvomr det. Som d me kan vi nemne skilting av turstiar, og oppsetting av informasjonstavler b de i bygdesenter og p  andre viktige punkt. Verdsarvstiftinga er ogs  ein viktig arbeidsgjevar for tilsette som bur i bygdene Geiranger, Eidsdal, Norddal og Stordal.

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv fekk for 2025 innvilga ei grunnfinansiering fr  Stranda kommune med kr 150.000 og Fjord kommune med kr 100.000. I tillegg opna Fjord kommune for at vi kunne s kje p  prosjektmidlar til tiltak i Fjord kommune fr  n ringsfondet.

For 2026 s kjer vi om lik driftsfinansiering fr  begge kommunane, kr 250.000 fr  Stranda kommune og kr 250.000 fr  Fjord kommune.

Vi er sv rt takksame for at verdsarvkommunane har kome med p  spleiselaget for   ta vare p , formidle og utvikle verdsarvomr det med omland. Dette viser engasjement for omr det, og vi h per at de framleis ser verdien i arbeidet vi gjer. **Ein eventuell reduksjon av grunnfinansiering fr  ein verdsarvkommune vil medf re auka risiko for reduksjon av grunnfinansiering fr  fylkeskommunen og Milj direktoratet og s leis p verke drifta v r negativt. Vi vonar derfor de vil fortsette   st tte arbeidet v rt ogs  i 2026.**

Vi legg ved v r utfyllande  rsrapport- og  rsrekneskapen for 2024, som gjev ei fyldig oppsummering og ei oversikt over aktiviteten dette meldings ret.

Med helsing
Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv

Kjetil Relling (sign)
Adm-/ konomileiar

